

GISKE KOMMUNE
Valderhaug 4
6050 VALDERØY

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 13/07350-51

21.02.2022

Ark.: 342.2

Oppsummering etter møte med Giske kommune om matrikkelspørsmål

Bakgrunn for møtet

Kartverket tok initiativ til møte med kommunen, som var den 20. januar 2022.

Følgjande deltok:

Kartverket: Wenche Mork, Magnus Billing

Giske kommune: Dagny Rødland, Øyvind Drabløs, Eli Brunstad Høyland, Åsa Nesheim

Bakgrunnen for møtet er mange e-postar frå nye eigarar av Giske marina. Det er registrert meir enn 40 dokument i Kartverkets arkivsystem, i tillegg mange spørsmål per telefon til matrikkelhjelp, kundesenteret og juridisk teneste. Dei har og sendt spørsmål til KMD (no KDD), som er svart ut derifrå.

Spørsmåla vedkomande har stilt Kartverket gjeld konkrete forhold om gnr. 127 bnr. 23 og tinglyste erklæringar for oppbygd molo. I svara våre er det mellom anna rettleidd om:

- Generell rettleiing om matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn, matrikkelova § 13
- Vilkår for rekvisisjon av oppmålingsforretning, matrikkelova § 9
- Forholdet mellom matrikulering og tinglysing av grunnboksblad, matrikkelova § 24
- Tvist ved oppmålingsforretning
- Forklaring om handsaming ved jordskifterett eller ordinær domstol
- Retting av matrikkelen, matrikkelova § 26
- Føring av opplysningar frå eldre dokument, matrikkelforskrifta § 10 b
- Konkrete brukstilfelle i matrikkelen, spørsmål om føringsinstruks
- Innsyn i historisk matrikkelbrev
- Avtale om grenser – matrikkelova § 19 og matrikkelforskrifta § 44
- Førespurnad om tilbaketrekking av godkjenning for matrikkelføring, matrikkelforskrifta § 5

Kartverket ønskjer å gå gjennom saka med kommunen, og få orientering om korleis saka er behandla.

Giske kommune ved Øyvind Drabløs gikk gjennom kommunens saksbehandling:

Saka gjelder avhending av molo som før hørde til Kystverket. Kjøpekontrakta mellom Kystverket og kjøpar Giske marina omtaler avhending av "eigedom". Det er atterhald om at eigedommen ikkje er matrikulert. Retten er transportert i grunnboka.

Giske marina har på bakgrunn av kjøpekontrakt rekvirert oppmålingsforretning med matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn. Giske kommune varsla oppmålingsforretning. Under forretninga var eigar av 127/23 usamd i at moloen er etablert som eigen eigedom, og peika på at det er eit hefte. Vedkomande har tidlegare også bede Kystverket om at retten blir sletta. Landmålar vurderte at det ikkje var grunnlag for å fullføre forretninga, ved at partane ikkje vart samde. Kravet om matrikulering ble avslått av Giske kommune.

Kommunen har i samband med behandling av rekvisisjonen vurdert at sjølv anlegget er etablert på lovleg måte. Det er ein omfattande konstruksjon. Det vil ikkje bli kravd ny søknad og nytt løyve til oppretting av eigedom. Som utgangspunkt er det vurdert at moloen kan matrikulerast som eksisterande umatrikulert matrikkeleining. Det som har hindra matrikulering er tvist mellom partane.

Kommunen har avslått krav om matrikkelføring i vedtak av 08.01.2021. Avslaget er klaga inn. Statsforvaltaren har stadfesta kommunens vedtak.

Kommunen har forsøkt å rettleie rekvirenten for å løyse saka. Slik saka står må ho bli fullført ved rettsleg behandling. Kommunen har hatt samtale med jordskifteretten i Ørsta om saka, rekvirenten har og vore i kontakt. Det er førebels ikkje kravd sak for jordskifteretten.

Rekvirenten har også bede kommunen om retting av matrikkelen, slik at teigane som er omfatta av grunnrettserklæringa blir vist som 0/0. I samband med dette har det vore møte med rekvirenten og hans advokat. (Matrikkelen blei retta ein gong før, etter førespurnad frå eigar av 127/23 i 2017, med utgangspunkt i at areal aldri er delt frå.)

Kommunen har behandla kravet om retting etter matrikkellova § 26 tredje ledd. Det er ikkje påvist feil ved registrering av opplysningane, slik at det er gitt avslag. Vedtaket er klaga inn og blir behandla av statsforvaltaren.

Etter dette er det kome klage på landmålar si behandling. Kommunen har avslått denne klagen.

Oppsummering

Kartverket gav tilbakemelding om at saka verkar ryddig behandla av kommunen, ut frå dei krava som er stilt frå rekvirenten, og dei føresetnader matrikkellova har. Gjennomgangen har gjeve god oversikt over saksforløpet. Det set også mange av førespurnadene som er stilt direkte til Kartverket i samanheng.

Så lenge partane er uforlikte om grunnlaget for erklæringa, er det nødvendig å avklare kva for stilling grunnretten har privatrettsleg før ein kan matrikulere og etablere grunnboksblad. Kommunen si oppgåve er berre føring av matrikkeleining i matrikkelen. Dette fører ikkje med seg rettsvern ut over dei tinglyste rettane. **Eit alternativ til avslag på krav om matrikkelføring etter matrikkellova § 13, kunne ha vore at arealet blei markert omtvista.**

Siste e-post til Kartverket frå rekvirenten gjeld førespurnad om å trekkje tilbake kommunens tilgang til å føre matrikkelen. Det blir vist til reglane i matrikkelforskrifta § 5 andre ledd. For Kartverkets del er det uaktuelt å ta vidare initiativ i dette spørsmålet. Dette er reglar som i hovudsak gjelder ved brot på tryggleiksmessige

forhold, og feil bruk av matrikkelen. I denne saka er problemstillinga knytt til ei konkret oppmålingsforretning, og ikkje matrikkelføring. Kommunen har forklart om føregåande saksbehandling. Ved tvist eller uklare eigedomsforhold har matrikkelloven avgrensa verkemiddel for å løyse dette.

"uklare eigedomsforhold" ???

Venleg helsing

Magnus Billing
Senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi Wenche Mork, LD - FKK Molde (LK4MOL)